



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

SKARE BARNESKULE



10-13.MARS 2008



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderarar?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 – Fakta om skulen

Skulen ligg i flotte naturomgjevnader midt i skarebygda. Skulebygningen rommar både skulen og bygda sitt grendehus i tillegg til bibliotek. Ein kan difor trygt seie at skulen er eit aktivitetssenter for heile bygda. Skulen har 60 elevar fordelt på 7 trinn. Skulen har 7 lærarar, 2 tilsette i skulefritidsordninga, 1 rektor og sekretær. Kring 30% av elevane har skuleskyss.

Skulen sin visjon er trivsel, læring og tryggleik.

3 – Vurderingstema

Skare skule har bede om vurdering på følgjande tema:

Arbeidsplanar / tilpassa undervisningar

På bakgrunn av at Odda kommune har fastsett at alle skular skal nytta arbeidsplan, ynskjer Skare skule dette som eit vurderingstema. Skulen er i startgropa i høve til utvikling og bruk av arbeidsplanar. Mellom anna har skulen vore på studiereise til MILL i Skien der tilsette har vore på planleggingsdag med representantar frå MILL i Skien. Her har Skare barneskule skaffa seg kompetanse på læringsstrategiar og læringsstilar som skal vera eit grunnlag for utarbeiding av arbeidsplanar. Skulen starta opp dette arbeidet hausten 2007.





4 – Kriterium / Kvalitetskrav

TEMA: Arbeidsplanar – tilpassa opplæring

Kriterium	Teikn på god praksis
Skulen prioriterer arbeid med arbeidsplanar	<ol style="list-style-type: none">1. Arbeid med arbeidsplanar er nedfelt i skulen sine planar.2. Skulen har ein plan for innføring av arbeidsplanar på trinna. (frå 3 trinn)3. Leiinga er pådrivar i arbeidet med arbeidsplanar4. Personalet har kompetanse på korleis arbeidsplanar kan brukast som middel for tilpassa opplæring.5. Personalet nyttar fellestida på ein strukturert måte, til erfaringsutveksling, refleksjon og produksjon av arbeidsplanar.
Elevane er aktive i sin eigen læringsprosess når dei arbeider med arbeidsplan.	<ol style="list-style-type: none">6. Arbeidsplanen gjev rom for variasjon av arbeidsmåtar7. Elevane kjenner læringsmåla8. Elevane veit kva dei må gjere for å nå måla9. Elevane kan jobba åleine, i par eller i grupper10. Elevane har høve til å nytta ulike læringsstrategiar for å nå måla11. Elevane har god tilgang til digitale hjelpemiddel12. Elevane har lett tilgang til variert utstyr og materiell13. Elevane er motiverte14. Elevane får jamneleg tilbakemeldingar på arbeidet sitt. (Både undervegs og etter fullført arbeid)
Læraren lagar planar som legg tiltrette for læring.	<ol style="list-style-type: none">15. Dei faglege læringsmåla er tydelege og målbare16. Oppgåvene fremjar læring i høve til læringsmåla.17. Planen gjev rom for eigen vurdering av i kva grad læringsmåla er nådd, og eventuelt som utgangspunkt for samtale.18. Planen gjev utfordringar til alle elevane.19. Planen gjev rom for val av oppgåver, arbeidsmåtar og omfang20. Planen motiverer for læring.21. Planen er ryddig og har god layout.22. Planen har overskrift med trinn og tidsperiode.
Planen er med på å få eit godt samspel mellom heim og skule.	<ol style="list-style-type: none">23. Føresette kjenner til bruken av arbeidsplanar.24. Planen gjer føresette til støttespelarar i læringsprosessen25. Planen syner tydeleg for heimen kva barnet skal læra.26. Føresette opplever foreldresamtalen som nyttig.27. Føresette opplever god dialog om barnet si utvikling og korleis det lærer.28. Skulen tar innspel frå heimen på alvor



5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Lærarar, rektor, elevane og føresette ved Skare barneskule
- Eksterne: Vurderingsgruppa Hardanger / Voss v/ Wenche Helland, Marit Gursli og Sten Tore Svennes

6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.





Tidsplan for vurdering på Skare barneskule veke 11 2008

TID	TILTAK	ANSVAR
Desember	Skulen melder inn vurderingstema	Rektor
Veke 4	Vurderar lagar framlegg til glansbilete og sender dette til rektor (og hospitantar).	Vurderarar
Veke 5	Hospitantar mottar framlegg til glansbilete	
Veke 6 Møte 4.febr. Ca kl 13-15	Vurderar møter rektor. Saker: 1. Orientering om Hardanger - Voss vurderingsgruppe Diskutere framlegget til glansbilete og skulen sitt arbeid med det før endeleg godkjenning. 2. Diskutere og fastslå tidsplan og innhald i vurderingsveka. 3. Overlevering av aktuelle dokument: Døme på arbeidsplanar for alle trinn, overordna planar for skulen.	Rektor og vurderarar.
Fredag 15.februar	Skulen sender tilbakemelding/ godkjenning av glansbiletet	Rektor
Fredag 28 febr.	Vurderar lagar påstandsskjema til elevar og foreldre og sender det til rektor. (kopi til hospitantar)	vurderarane
Fredag 5.mars	Rektor administrerer utfylling og innsamling av skjema og returnerer til vurderar	Rektor
Veke 10	Rektor lagar timeplan for møter og samtalar tysdag, onsdag og torsdag i vurderingsveka	Rektor
Veke 10	Vurderar skårar påstandsskjema, og lagar samtaleguidar.	Vurderarane
Veke 11	Vurdering på skulen	
Måndag 10.mars	Kort møte med rektor, vurderar og hospitantar ? På skulen 17.00. Vurderar får timeplan for veka. Foreldremøte kl 18.00.	
Tysdag og onsdag	Møte med rektor kvar morgon. Intervju av elevar og tilsette. Observasjonar av skulen.	
Torsdag 13.mars	Kl.12.00: Møte med rektor og ev. skuleeigar Kl. 13.00: Presentasjon av rapportframlegg Det er ynskjeleg at skuleeigar er representert Justering og ev. rettingar, overlevering av rapport i papir og digitalt format. Overlevering av evalueringsskjema	Vurderarane
	Rapport med vedlegg vert sendt leiar i vurderingsgruppa for arkivering, den offisielle delen vert etter ei stund lagt ut på den regionale heimesida	vurderarane
	Skulen evaluerer vurderingsveka og sender svar innan ein måned til vurderarane.	rektor



7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument, til dømes styringskort, arbeidsplanar og resultat av elevundersøkinga.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

Påstandskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut påstandskjema til nokre av partane i vurderinga. Desse vart fylt ut av elevar, og returnert til vurderingsparet for oppsummering.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane og FAU-leiar.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin nosituasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte frå 1. – 7.steget. Ein gjekk vidare inn i timane medan dei arbeida med arbeidsplanen. Gjekk elles rundt i skulen og observerte miljøet.



8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Skulen prioriterer arbeid med arbeidsplanar

Skulen har bestemt seg for å ha arbeidsplan. Arbeid med arbeidsplanen er forankra i styringskortet i Odda kommune. Skulen har starta opp med bruk av arbeidsplan på alle steg frå 2. til 7.klasse. Det har vore kompetanseheving av dei tilsette ved skulen. Dei har vore på kurs i regi av MILL i Skien, og dei har vore på ekskursjon til Skien. En lærar i kollegiet har halvårseining i læringsstrategiar og læringsstilar i grunnutdanninga si.

Skulen har ein engasjert rektor og personale som ynskjer å utvikle arbeidsplanar ved skulen. Ressursane i personalet er absolutt til stades.

Det er fast møtetid for personalet. Her er det mogleg å setje av tid til dette arbeidet. Noko som er viktig om ein vil innføra nye arbeidsmåtar for alle i personalet eller andre moment som skal gjelda for heile personalet.

Elevane er aktive i sin eigen læringsprosess når dei arbeider med arbeidsplan.

Elevane har god tilgang på IKT og ulike læremiddelutstyr slik at elevane kan vera aktive i læringsprosessen. Personalet har god kompetanse på å bruke desse hjelpemidla, noko som speglar seg av gjennom aktiv bruk av datamaskiner, smartboard og anna konkretiseringsutstyr.

Elevane er motiverte, arbeider godt og syner tydeleg trivnad i høve til å jobba med arbeidsplanen.

Elevane gjev uttrykk for at arbeidsplanane er lette å tyda. Dei veit både kva dei skal gjera og kva dei skal læra.



Læraren lagar planar som legg tiltrette for læring

Alle arbeidsplanar har læringsmål. Me ser her ein god utvikling i retning av tydelegare og meir målbare læringsmål. Ein ser utval av planar som gjev utfordring til alle elevane. Elevane gjev uttrykk for at planane er motiverande for læring.

Samarbeid skule og heim

Føresette opplever foreldresamtalen som nyttig og dei uttrykker at det er lett å ta kontakt med skulen. Gjennom intervju med føresette, elevar og tilsette kjem det tydeleg fram at det er eit svært godt samspel mellom skulen og bygda. Dette skjer mellom anna gjennom ulike arrangement i løpet av skuleåret. Ressurspersonar i bygda vert teken inn i skulen.

9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Skulen prioriterer arbeid med arbeidsplanar

Fellestida bør nyttas til erfaringsutveksling, refleksjon og delvis produksjon av arbeidsplanar. Dersom skulen vel å innføra arbeidsplanar som eit arbeidsverktøy for tilpassa opplæring, må det ryddas tid til dette arbeidet. Dei tilsette arbeider ikkje i team. Det er naudsynt at noko av fellestida vert brukt til dette. Ein kan her vurdere å sjå på korleis dei tilsette er plassert på arbeidsromma. Det kan vera lurt at dei som jobbar tettast saman, til dømes dei på småskulesteget, er plassert saman slik at det vert lettare med uformell erfaringsutveksling i kvardagen.

Skulen bør avklara kvifor ein ynskjer å arbeida med arbeidsplanar. Ut frå dette bør ein verta samd om kva klassar som skal ha arbeidsplan og i kva omfang ein ynskjer arbeidsplanen. Ein bør vidare arbeide for ein felles forståing av kva ein arbeidsplan er.



Elevane er aktive i sin eigen læringsprosess når dei arbeider med arbeidsplan.

Det bør jobbast med å få meir variasjon i oppgåvetypene. Her kan medviten bruk av ulike læringsstilar og læringsstrategiar vera med på å gje meir variasjon.

Elevane bør få meir systematisk tilbakemelding på arbeidet sitt. Vurderingsforskrifta (jf. § 3,4 a) legg vekt på hyppig systematisk undervegsvurdering. Her kan bruk av elevsamtalar i høve til arbeidsplanen verta eit godt verkemiddel.

Læraren lagar planar som legg til rette for læring.

Arbeidsplanen bør lagas slik at den er tilrettelagt for alle elevane og tek omsyn til at alle ikkje kan jobbe like sjølvstendig

Dei fleste planane har plass til eigenvurdering. Læraren bør leggja til rette for fleire graderingar av måloppnåinga. I tillegg kan ein her velja å bryta ned læringsmåla.

Skulen bør avklara om ein ynskjer arbeidsplanar som har nokre fellestrekk eller om det skal vera opp til den enkelte lærar slik som no.

Planen er med på å få til eit godt samspel mellom heim og skule.

Heimane har lite kjennskap til bruk av arbeidsplan. Det kjem fram at dei føresette har liten informasjon om kvifor det vert brukt arbeidsplan.

Vidare manglar føresette oversikt over når elevane skal jobba etter arbeidsplanar for elevane. Dei var og usikre på korleis dei kunne vera støttespelarar i høve til dette. Føresette etterlyser tid til dialog på foreldresamtalen der det er satt av 20 minutt.



10 – Vidare arbeid

Som rektor ved Skare barneskule er eg glad og stolt over alle dei positive elementa vurderingsgruppa har funne i skulen vår. Det vonar eg foreldre, elevar, tilsette og kommuneleiing tar til seg. Vi blæs alle i dei segla som fører Skare barneskule framover.

Når vi valde arbeidsplanar som tema for vurdering, så visste vi at vi valde eit område der vi er undervegs. Eg er glad for at vurderinga peikar på områder der vi har eit utviklingspotensial.

Det er eit behov for klargjering overfor foreldra. Ei klargjering som må ta opp i seg avklaringar om kvifor arbeidsplanar? Korleis arbeider vi med dei, og kvā er foreldra si rolle i ein slik metodikk? Vurderinga viser også at arbeid med arbeidsplanar er krevjande for læraren. Det krev tid avsett til samarbeid og pedagogisk refleksjon. Rett bruk av fellestid vert eit tema i etterkant av vurderinga. Rapporten peiker også på utfordringa skulen har i høve til å gje einskildeleven undervegs vurdering, knytt opp mot måla på arbeidsplanen. Her har vi også ein jobb i høve til å framstå einskapleg og systematisk.

Eg takkar Marit, Wenche og Sten Tore for konstruktive innspel, som vi tek med oss i vårt vidare arbeid til beste for elevane ved Skare barneskule.

Sven Olaf Brekke
Rektor.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Skare, 13.mars 2008

Marit Gursli
Wenche Helland
Sten Tore Svenes

Vedlegg 1: Samtaleguide elevar v/ Skare barneskule

Vedlegg 2: Samtaleguide tilsette v/ Skare barneskule

Vedlegg 3: Samtaleguide føresette v/ Skare barneskule

Vedlegg 4: Påstandskjema for elevane v/ Skarebarneskule



Samtaleguide elevar ved Skare barneskule.

Skulen prioriterer arbeid med læringsplanar.

Kor ofte jobbar du med arbeidsplanar?

Elevane er aktive i sin eigen læringsprosess.

Korleis kjenner du arbeidsmåla dine når du arbeider med arbeidsplan?

Veit du kva du bør gjere for å læra det du skal når du har arbeidsplan?

Veit du kva læraren forventar av deg?

På kva måte kan du variera korleis du vil arbeida?

Har du god tilgang til hjelpemidlar i undervisninga?

Likar du å arbeida med arbeidsplanar? Kvifor?

Korleis får du tilbakemelding på arbeidet ditt?

Læraren lagar planar som legg til rette for læring.

Korleis synes du læraren skal laga arbeidsplanen slik at den hjelper deg til å læra det du skal?

Planen er med på å få til eit godt samspel mellom heim og skule.

Veit dei heime at du jobbar med arbeidsplan?

Korleis kan dei heime vita kva du skal læra?

Kan arbeidsplanen hjelpa dei heime, slik at dei kan hjelpa deg med skulearbeidet?



VEDLEGG 2

Samtaleguide-tilsette ved Skare barneskule.

Skulen prioriterer arbeid med arbeidsplanar.

Kva kompetanse har du/de om bruk av arbeidsplanen?
På kva måte er bruk av arbeidsplanar / tilpassa undervisning nedfelt i skulen sine planar?
Korleis vert det lagt til rette for at elevane kan reflektera over korleis dei lærer?
Korleis nyttar de fellestida /arbeidstida med tanke på å vera ein lærande organisasjon? (deling av kunnskap osv).

Elevane er aktive i sin eigen læringsprosess når dei arbeider med arbeidsplan.

Korleis kjenner elevane læringsmåla sine?
Veit elevane kva dei skal gjere for å verta ferdige med arbeidsplanen sin? (nå måla)
Korleis veit elevane kva som vert forventa av dei?
På kva måte får elevane tilbakemelding på arbeidet sitt?

Læraren lagar planar som legg til rette for læring.

På kva måte legg du til rette for tilpassa opplæring når du nyttar arbeidsplan?
På kva måte legg du til rette for variasjon i arbeidsmåtar?
Korleis (på kva måte) trur du arbeidsplanar verkar motiverande på elevane?

Planen er med på å få eit godt samspel mellom heim og skule.

Har du/de informert dei føresette om bruk av arbeidsplanar?
Har du/de snakka med dei føresette om korleis dei kan vera støttespelarar i læringsprosessen til borna?
Er planen lett å forstå for dei føresette?
På kva måte vert læringsmål og læringsprosessar tatt opp i foreldresamtalen?

VEDLEGG 3



Samtaleguide – føresette ved Skare barneskule.

Sei noko positivt om Skare barneskule.

Korleis er heimen kjent med at elevane arbeider med arbeidsplanar i periodar?

Korleis er læringsmåla til elevane kjent for dykk heime?

Korleis gjer/kan bruken av arbeidsplanar gjera dykk til støttespelarar i læringsprosessen til elevane?

Kva tankar har de om at elevane jobbar etter arbeidsplanar?

Korleis opplever de foreldresamtalen?

Er arbeidsplanen lett å forstå?

Veit du skilnaden på arbeidsplan og vekeplan?



VEDLEGG 4

Påstandskjema for 5-7 årssteg.

Eg går i _____ klasse

Nr	Påstandar Set x under 4 dersom du er heilt einig, glidande nedover mot 1 dersom du er heilt ueinig.	4	3	2	1
1	Eg kan velja arbeidsmåte på arbeidsplanen.				
2	Det står på arbeidsplanen kva eg skal læra i løpet av veka.				
3	Eg veit kva eg skal gjera for å nå læringsmåla.				
4	Eg kan jobba saman med andre.				
5	Eg kan jobba åleine med arbeidsplanen				
6	Me kan arbeida i par med arbeidsplanen.				
7	Me kan arbeida i grupper.				
8	Eg kan bruka ulike læringsstrategiar for å nå måla.				
9	Eg har god tilgong til data på skulen.				
10	Eg har lett tilgong til utstyr til arbeid med arbeidsplanen.				
11	Eg har lyst til å læra på skulen.				
12	Eg får til skulearbeidet mitt.				
13	Eg får ofte tilbakemelding på arbeidet mitt av læraren.				
14	Foreldra mine kjenner til korleis eg jobbar med arbeidsplanen.				

Eg meiner at arbeidsplanane ved Skare skule hadde vore betre om :
(skriv det du meiner)
